

Styresak

Går til: Styremedlemmer
 Føretak: Helse Vest RHF
 Dato: 05.02.2014
 Sakhandsamar: **Gunnhild Haslerud**
 Saka gjeld: **Konsernbudsjett 2014, herunder investeringsbudsjett og likviditetsbudsjett samt justering av inntektsramma til helseføretaka**

Arkivsak
 2014/49
 Styresak 009/14

Styremøte 05.02. 2014

Forslag til vedtak

1. Konsernbudsjett 2014 for føretaksgruppa Helse Vest blir vedtatt med følgjande resultatbudsjett for føretaka (i heile tusen):

Forslag til resultatkrav 2014	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Sjukehus Apoteka	Helse Vest IKT	Helse Vest RHF	TOTAL
Resultatkrav 2014	75 000	34 000	190 000	0	10 400	1 000	0	310 400

2. Inntektsramma som blei vedtatt under sak 131/13 B blir justert i tråd med endringane som følgjer av tabellen under (i heile tusen):

	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Helse Vest RHF	SUM
Inntektsramme 2014 sak 131/13 B	5 290 941	2 845 026	8 637 619	2 345 476	3 644 569	22 763 630
Justeringar av inntektsramme frå staten:						
Helseregister, tilskot					5 500	5 500
Raskere tilbake					346	346
Tilskot til turnusteneste i sjukehus for legar og fysioterapeutar					223	223
						0
Endringar i inntektsfordelinga til HF-a:						
Pilotprosjekt likeverdige tenester	3 093				-3 093	0
Kreftstrategi - Vardesenter og pusterom	1 134		1 031		-2 165	0
Barn som pårørende		3 000			-3 000	0
Utenlandbehandling			15 000		-15 000	0
System for innføring av nye metoder			1 200		-1 200	0
Kompetansetenester	718		732		-1 450	0
						0
Sum endringar	4 945	3 000	17 963	0	-19 839	6 069
Oppdatert inntektsramme 2013	5 295 887	2 848 026	8 655 582	2 345 476	3 624 730	22 769 699

3. Investeringsbudsjettet for 2014 blir fastsett som følgjer:

Beløp i heile tusen kroner	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	Apoteka	HV IKT	RHF	TOTAL
Bygg - tilgjengelig ramme	184 000	74 600	685 000	91 300	10 000			1 044 900
Medisinteknisk utstyr	94 000	40 000	140 000	18 000	4 220			296 220
IKT						260 000		260 000
Anna	132 000	7 500	103 000	8 900	3 378			254 778
Sum investeringar 2014	410 000	122 100	928 000	118 200	17 598	260 000	0	1 855 898

Det kan bli aktuelt å justere investeringsbudsjettet etter at resultatet for 2013 er fastsett. Dette må i så fall skje innafør gjeldande investeringsregime og behandlast av styret i dei respektive føretaka.

4. Administrerande direktør ber om fullmakt til å inngå avtale med Helse Bergen om internt lån på inntil kr 28 mill når søknad frå føretaket ligg føre.
5. Administrerande direktør ber om fullmakt til å inngå avtale med Helse Stavanger om internt lån på inntil kr 50 mill. Helse Stavanger bør ta ein gjennomgang på framdrifta i investeringsplanen i samband med framlegg av langtidsbudsjettet 2015-2019.
6. Administrerande direktør kan foreta mindre nødvendige omdisponeringar av budsjettpostane innafør den totale budsjetttramma.
7. Styret ber helseføretaka om å avdekke alle risikoområde for å nå resultatkravet og sørgje for at det er sett i verk tiltak med tilstrekkeleg omfang, med god kvalitet og at tiltaka er fordelt ned på lågaste nivå med ansvarleg leiar.

1 Bakgrunn

Styret Helse Vest behandla i møtet den 4. desember 2013 sak 131/12 B Inntektsfordeling 2014 og resultatkrav 2014. Det vart fastsett følgjande inntektsramme og resultatkrav for 2014:

Inntektsramme

INNETKTSFORDELING 2014	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Helse Vest RHF	SUM
SUM, ISF	1 502 775	754 756	2 554 128	547 083	-	5 358 743
SUM, basisramme fordelt etter modell	3 220 135	1 744 684	4 838 897	1 487 826	0	11 291 543
SUM, basisramme fordelt utanfor modell *)	565 049	338 577	1 209 703	291 313	3 644 569	6 049 210
Øymerkte midlar i bestillinga frå HOD (skal rapporterast på):	2 982	7 009	34 891	19 253		64 134
SUM, inntekt 2014 fordelt frå RHF	5 290 941	2 845 026	8 637 619	2 345 476	3 644 569	22 763 630

Resultatkrav

	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Sjukehus- apoteka vest	Helse Vest IKT	Helse Vest RHF	TOTAL
Resultatkrav 2014	75 000	34 000	190 000	0	17 000	1 000	0	317 000

Helseføretaka har med basis i inntektsramma 2014 behandla og vedtatt sine budsjett for 2014 i dei respektive styra. Helse Vest RHF legg med basis i desse vedtaka fram sak om konsernbudsjett 2014 samt investeringsbudsjett og likviditetsbudsjett.

Denne saka vil og ta opp i seg endringar i inntektsramma som følgjer av oppdragsdokumentet frå eigar og som ikkje var innarbeida i sak om inntektsfordeling 2014. I tillegg vil det bli gjort tildeling av budsjettpostar som ikkje var fordelt under sak 131/13 B.

Oppdatert oversikt over inntektsramme 2014 og RHF budsjett 2014 følgjer vedlagt.

2 Inntektsramma frå staten

2.1 Oversikt over inntekter frå staten

Inntektspostar som følgjer av oppdragsdokumentet er no innarbeida i inntektsramma i Helse Vest RHF. Dette inneber følgjande endring av inntektsramme frå staten samanlikna for sak 131/13 B:

(tal i heile tusen)	Kap. Post	Statsbudsjett 2014	Oppdragsdokument 2014	Endring
Helseundersøkinga i Gulen og Masfjorden	732. 21	Avsluttet	0	0
Kvalitetsbasert finansiering	732. 71	93 900	93 900	0
ISF-inntekt (overslagsbevilgning)	732. 76	5 849 660	5 849 660	0
Basisramme	732. 73	16 499 287	16 499 287	0
Forskning og medisinske kompetansesenter	732. 78	167 100	167 100	0
Omlegging av arbeidsgivaravgift	732. 70	26 752	26 752	0
Tilskot til turnusteneste i sjukehus for legar og fysioterapeutar	732. 70	6 077	6 300	223
Nordfjord - framtidens lokalsykehus	732. 70	ferdig	0	0
Partikkelterapi	732. 70	15 500	15 500	0
Dropouts	732. 70	2 000	2 000	0
Prostataentre	732. 70	3 100	3 100	0
Tilskot til helse- og rehabiliteringsteneste for sjukemelde	732. 79	98 254	98 600	346
Utviklingsområde innanfor psykisk helsevern og rus	734. 72	Overført ramma	0	0
Klinisk multisenterstudie ME	781. 79	2 000	2 000	0
Barn som pårørende	781. 79	Overført ramma	0	0
Helseregister, tilskot	782.70	0	5 500	5 500
Sum, estimert inntekt frå staten		22 763 630	22 769 699	6 069

Den delen av poliklinisk verksemd som ikkje inngår i ISF-ordninga er ikkje med i inntektsfordelinga frå Helse Vest. Det er i oppdragsdokumentet lagt inn ei overslagsløyving på kr 703 mill. for 2014. Beløpet er basert på prognose frå rekneskapstal pr. september 2014. Samla sett tek løyvinga høgde for ein vekst i poliklinisk aktivitet på om lag 6,5%. Dette omfattar også polikliniske radiologi- og laboratorietenester.

2.2 Tilskot til turnusteneste i sjukehus for legar og fysioterapeutar

Det er i oppdragsdokumentet lagt inn kr 6,3 mill. i tilskot til turnusteneste i sjukehus for legar og fysioterapeutar. Det er ein liten endring i forhold til estimatet som blei lagt inn i inntektsfordelingssaka i desembermøtet, jr. sak 131/13 B. Tilskotet skal kompensere turnusstader for å ha turnuskandidatar i klinisk teneste, rettleiarprogram og kurs for turnuskandidatane. Det er lagt inn ein tilsvarande post på kostnadssida i budsjettet. Midla vil bli fordelt på eit seinare tidspunkt.

2.3 Kvalitetsregister, tilskot

I oppdragsdokumentet fekk Helse Vest tildelt 5,5 mill. kr. til Nasjonal IKT for å sikre at dei nasjonale medisinske kvalitetsregistra får teke i bruk tekniske fellesløyvingar. Midlane skal dekkje oppdragsfinansiering av eit avgrensa tal (tre til fem) likeverdige aktørar styrte av Nasjonal IKT og interregional styringsgruppe. Desse må tilfredstille felles krav og standard. Når Nasjonal IKT er etablert som juridisk eining, er det naturleg at midla blir overført til Nasjonal IKT.

2.4 Tilskot til helse og rehabiliteringsteneste for sjukemelde (Raskare tilbake)

Ved framlegg av oppdragsdokumentet er det gjort små justeringar i forhold til overslaget som blei lagt fram i inntektsfordelingssaka i desembermøtet.

3 Endringar i inntektsfordelinga til føretaka

3.1 Pilotprosjekt likeverdige tenester

Helse Stavanger fekk i 2013 midlar for å drive pilotprosjekt knytt til krav om likeverdige tenester, nærmare omtalt i sak 131/13 B pkt. 8.3. Midla blir føreslått vidareført til Helse Stavanger i 2014 med kr 3,1 mill justert for prisvekst.

3.2 Utenlandsbehandling

Helse Bergen har ansvar for saksbehandling og administrasjon av ordninga med utenlandsbehandling ved kompetansemangel i Noreg. Helse Bergen får eitt ekstra tilskot i ramma til dette. I 2013 var tilskotet på kr 12,3 mill. Desse kostnadane har vist ei auke dei siste åra. I tillegg er Helse Bergen bedt om å administrere dei nye rammeavtalane om protonbehandling i utlandet inntil tilbodet blir etablert i Norge. Helseledingsdirektoratet har anslått at det kan utgjere 10 pasientar for Helse Vest med ein stipulert kostnad på 1 mill kr pr. pasient.

Administrerande direktør tilrår at Helse Bergen blir kompensert med ein auke i tilskotet på kr 15 mill. Budsjettauken på denne posten blir dekt inn gjennom reduksjon av reserven i RHF-et.

3.3 Kreftstrategi - Vardesenter og Pusterom

Pusterom er eit lågterskel trenings- og aktivitetssenter for kreftpasientar i sjukehusa, mens Vardesenter er ein arena og møteplass for kreftramma og pårørande.

I 2013 fekk Helse Stavanger kr 1,1 mill i tilskot for etablering av Vardesenter, og Helse Bergen fikk kr 1,0 mill for etablering av Pusterom. Midla blir føreslått vidareført i ramma for 2014, justert for prisvekst.

3.4 Barn som pårørande

I 2013 fekk Helse Fonna tildelt midla til etablering av familieambulatorium. Det er føreslått å vidareføre tilskotet til Helse Fonna med kr 3 mill i 2014.

Familieambulatoriet er ei tverrfagleg eining for spesialisert svangerskapsomsorg for gravide med rusmiddelproblem og for barn som har vore eksponerte for rusmiddel i fosterlivet.

Administrerande direktør tilrår at resten av midla blir fordelt når det er klart kor ein vil leggje ytterlegare eitt familieambulatorium.

3.5 Kompetansetenester

I sak 131/13 B låg det kr 5,788 mill i ikkje-fordelte midla til kompetansetenester. Følgjande disponering blir tilrådd:

- Kr 1,45 mill blir fordelt i ramma mellom Helse Stavanger og Helse Bergen, jr. pkt. 3.7.
- Kr 2 mill til frikjøp av forskingsadministrative ressursar ved kompetansesenter for klinisk forskning.
- Kr 2,338 mill tilbake til reserve-posten.

I fordelinga til Helse Bergen er det tatt omsyn til at frå 2014 skal Helse Sør-Øst finansiere Nasjonal kompetanseteneste for porfyri, jf. St. prp. 1.

3.6 System for innføring av nye metodar

I 2014 skal dei regionale helseføretaka fortsette arbeidet med å implementere system for innføring av nye metodar i spesialisthelsetenesta. Viser til sak 131/13 B, pkt. 6.2 og brev til Helse Bergen datert 30.10.13 for meir utfyllande omtale. Administrerande direktør tilrår at midlane blir fordelt til Helse Bergen ved Regionalt kompetansesenter for klinisk forskning med kr 1,2 mill. kr. for å ta på seg oppgåve som regionalt kompetansmiljø for metodevurderingar.

3.7 Samla endringar i inntektsfordelinga

Dei samla endringane som er omtalt i kap. 2 og 3 ovanfor vil påverke inntektsfordelinga til helseføretaka og RHF-et på følgjande måte:

	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Helse Vest RHF	SUM
Inntektsramme 2014 sak 131/13 B	5 290 941	2 845 026	8 637 619	2 345 476	3 644 569	22 763 630
Justeringar av inntektsramme frå staten:						
Helseregister, tilskot					5 500	5 500
Raskere tilbake					346	346
Tilskot til turnusteneste i sjukehus for legar og fysioterapeutar					223	223
						0
Endringar i inntektsfordelinga til HF-a:						
Pilotprosjekt likeverdige tenester	3 093				-3 093	0
Kreftstrategi - Vardesenter og pusterom	1 134		1 031		-2 165	0
Barn som pårørende		3 000			-3 000	0
Utenlandbehandling			15 000		-15 000	0
System for innføring av nye metoder			1 200		-1 200	0
Kompetansetenester	718		732		-1 450	0
						0
Sum endringar	4 945	3 000	17 963	0	-19 839	6 069
Oppdatert inntektsramme 2013	5 295 887	2 848 026	8 655 582	2 345 476	3 624 730	22 769 699

I vedlegg 1 til denne saka følgjer oppdatert oversikt over inntektsfordeling til HF-a for 2014 samt vedlegg 2; oppdatert budsjett "Kjøp av helsetenester".

3.8 Satsing innafør IKT og MTU

Vi viser til sak 131/13 B, pkt. 2.6. og kr 47,4 mill som ligg under «Kjøp av helsetenester», jf. vedlegg 2.

Det blir føreslått at kr 47,4 mill blir tildelt Helse Vest IKT til satsing på elektronisk samhandling mellom sjukehus og andre aktørar, samt utvikling av IKT-systema i sjukehusa. Denne satsinga inneber at helseføretaka vil få ei lågare belastning frå IKT-selskapet. Dette vil igjen gje helseføretaka større handlingsrom retta inn mot MTU-tiltak.

4 Justeringar av RHF budsjettet – satsingar/bruk av reserve

Helse Vest har i inntektsfordelinga som vart behandla av styret i desembermøtet, lagt inn ein reserve på kr 193 000 mill for å fange opp usikkerheit i budsjettopplegget for 2014.

I samband med framlegg av endeleg inntektsfordeling er det ønske om å gjere nokre omprioriteringar og justeringar av budsjettpostar i RHF budsjettet. Desse endringane er dekt gjennom justering av reserveposten i RHF-et og utgjør følgjande:

Reserve i sak 131/13 B	193 000
Utenlandsbehandling - auka kompensasjon	-15 000
Administrasjonsbudsjettet	-1 700
HDO HF - Nødnett	32 700
Pasientsikkerhetskampanjen - sentralt tilskudd	1 062
Regionale fellesprosjekt - auka satsing innovasjon	-2 500
Kompetansetenester	2 338
Justert reserve	209 900

4.1 Utanlandsbehandling

Viser til pkt. 3.2 ovanfor for nærare omtale.

4.2 Endring i administrasjonsbudsjett

I budsjettsaka som vart lagt fram i desember, sak 131/13 B, vart det lagt til grunn budsjett 2013 justert med deflator. Det er under sak 10//14 (Administrasjonsbudsjett 2014) foreslått endringar som til saman utgjør ein auke på kr 1,7 mill. Endringane i administrasjonsbudsjettet blir justert mot reserven i RHF-et. Det blir vist til administrasjonsbudsjettsaka for nærare omtale av dei endringar som er gjort.

4.3 Pasienttryggleikskampanjen

Helse vest bidrog i 2013 med eit tilskot til pasienttryggleikskampanjen sentralt. Det er ikkje gitt tilsvarande føringar i år, men spørsmålet er tatt opp, og det er spurt om RHF-a og KS kan bidra med 1 mill kvar. I påvente av avklaring er om lag halve beløpet lagt tilbake til reserven.

4.4 HDO HF – Nødnett

I sak 131/13 B hadde Helse Vest teke høgde for ein auke i budsjettet til Helsetjenestens driftsorganisasjon HF (HDO). Dei har i etterkant fått tildelt statlige midlar til dekning av kommunane sin del av kostnadane og beløpet som RHF-a må finansiere går derfor ned. Beløpet blir ført tilbake i reserven.

4.5 Regionale fellesprosjekt – auka satsing på innovasjon

Samla budsjett for regionale fellesprosjekt er kr 2,5 mill høgare enn ramma som vart lagt til grunn i sak 131/13 B, inntektsfordelingssaka. Midlane skal gå til auka satsing på innovasjon. Administrerande direktør tilrår at denne justeringa blir dekt inn ved ein reduksjon i reserven i RHF-et.

4.6 Kvalitet og pasienttryggleik

Program for pasienttryggleik treng å auke sitt budsjett til informasjonstiltak som er retta mot hjerneslagpasientar. Det blir foreslått å auke budsjettposten kvalitet og pasienttryggleik med 1 mill. kr. Midla blir omfordelt frå posten Satsingar som blir fordelt seinare.

5 Konsernbudsjett 2014

Helseføretaka har med basis i sak 131/13 B Inntektsfordeling 2014 og resultatkrav 2014, fatta vedtak om budsjett 2014 i sine respektive styre.

Resultatkravet til Sjukehusapoteka Vest vart i ovannemnde sak fastsett til kr 17 mill. Styret i Sjukehusapoteka Vest har fatta vedtak om å søkje Helse Vest om å få sitt resultatkrav i 2014 redusert til kr 10,4 mill. Åraka til dette er i hovudsak at Sjukehusapoteka har fått redusert sin avanse på legemiddel. Reduksjonen i avanse finn ein igjen i lågare prisar til sjukehusa. Administrerande direktør vil tilrå at resultatkravet til Sjukehusapoteka blir justert til kr 10,4 mill. slik som Sjukehusapoteka Vest har søkt om. Resultatkravet til dei andre føretaka blir som fastsett i sak 131/13 B.

Administrerande direktør legg med dette fram forslag til konsernbudsjett 2014 med eit positivt resultat på kr 310 mill. Resultatkravet for helseføretaka blir då som følgjer:

Forslag til resultatkrav 2014	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Sjukehusapoteka	Helse Vest IKT	Helse Vest RHF	TOTAL
Resultatkrav 2014	75 000	34 000	190 000	0	10 400	1 000	0	310 400

Med basis i helseføretaka sine budsjett blir konsernbudsjett 2014 som følgjer:

Tal i heile mill.	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	Apoteka	HV IKT	Kjøp av helsetenester	Helse Vest administrasjon	Eliminering	Konsern
Driftsinntekter										
Basisramme	3 788,2	2 090,3	6 083,0	1 798,0	-	-	16 387,8	111,5	-13 759,4	16 499,3
ISF inntekter	1 496,9	754,8	2 554,5	547,0	-	-	5 849,7	-	-5 353,1	5 849,7
Polikliniske inntekter og egenbetaling	374,5	108,7	531,4	88,0	-	-	703,0	-	-647,8	1 157,7
Andre inntekter og tilskudd	147,4	93,2	767,8	103,0	893,3	705,9	420,8	5,6	-1 248,1	1 888,8
Sum driftsinntekter	5 806,9	3 046,9	9 936,7	2 536,0	893,3	705,9	23 361,2	117,1	-21 008,5	25 395,5
Varekostnader	934,5	452,6	1 133,6	397,0	682,1	3,5	22 903,1	-	-20 335,4	6 171,0
Personalkostnader	3 904,4	2 062,9	6 735,6	1 679,0	140,9	223,4	-	70,5	-	14 816,7
Andre driftskostnader	644,8	372,1	1 403,5	349,0	54,9	303,3	493,9	46,0	-673,1	2 994,5
Avskrivninger	223,1	122,3	450,0	103,0	6,5	160,6	4,7	0,6	-	1 070,9
Sum driftskostnader	5 706,9	3 009,9	9 722,7	2 528,0	884,4	690,9	23 401,7	117,1	-21 008,5	25 053,1
Driftsresultat	100,0	37,0	214,0	8,0	8,9	15,0	-40,5	-	-	342,4
Finansinntekter	-	2,6	6,0	2,0	1,6	1,0	40,5	-	-	53,8
Finanskostnader	25,0	5,7	30,0	10,0	0,1	15,0	-	-	-	85,8
Finansresultat	-25,0	-3,0	-24,0	-8,0	1,5	-14,0	40,5	-	-	-32,0
Resultat	75,0	34,0	190,0	-	10,4	1,0	-0,0	-	-	310,4

I konsernsamanstillinga er det gjort ei forenkla eliminering for konserninterne transaksjonar. Dette er i hovudsak knytt til ISF inntekt og basisramme i føretaka. I tillegg er det eliminert for interne inntekter i Helse Vest IKT og Sjukehusapoteka Vest.

Det vil bli endringar både på inntekts og kostnadssida når helseføretaka har fått innarbeida alle tiltak samt eksternfinansierte oppgåver. Dette vil likevel ikkje påverke resultatet.

6 Investeringsbudsjett 2014

Styret i Helse Vest behandla i møte den 3/6-2013 sak 073/13 B Langtidsbudsjett 2014-2018. I denne er det mellom anna fastsett nødvendig resultatkrav i kommande 5 års periode som er nødvendig for å kunne handtere investeringsbehovet i føretaksgruppa. Saka gir ein oversikt over investeringsbehovet og det finansielle grunnlaget for gjennomføring av investeringar. Dei årlege investeringsbudsjetta må handterast i samband med behandlinga av dei årlege budsjetta. I samband med behandlinga av konsernbudsjett 2014 blir det i denne saka og fastsett investeringsramme for føretaka i 2014. Endeleg investeringsbudsjett må behandlast i helseføretaka med basis i det endelege resultatet for 2013 samt dei føringane som blir lagt i denne saka.

Helseføretaka har lagt til grunn eit investeringsbudsjett for 2014 som er som følgjer:

Beløp i heile tusen kroner	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	Apoteka	HV IKT	RHF	TOTAL
Bygg - tilgjengelig ramme	184 000	74 600	685 000	91 300	10 000			1 044 900
Medisinteknisk utstyr	94 000	40 000	140 000	18 000	4 220			296 220
IKT						260 000		260 000
Anna	132 000	7 500	103 000	8 900	3 378			254 778
Sum investeringar 2014	410 000	122 100	928 000	118 200	17 598	260 000	0	1 855 898

Det finansielle grunnlaget for gjennomføring av investeringar i 2014 er lagt inn med følgjande føresetnad:

Kontantstrøm til å dekke investeringar i 2014:

Beløp i heile tusen kroner	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	Apoteka	HV IKT	RHF	TOTAL
Resultat til styrking av finansieringsgrunnla	75 000	34 000	190 000	0	10 372	1 000	0	310 372
+ Avskrivning	223 000	122 309	450 000	103 500	6 477	160 600		1 065 886
+ Nedskrivning anleggsmidlar	0							0
= Kontantstrøm frå drifta	298 000	156 309	640 000	103 500	16 849	161 600	0	1 376 258
+/- Førebels resultatavvik 2013	-40 000	0	65 000	-14 000	-6 955	0	280 000	284 045
+ Nedskrivning 2013	0				-			0
+ Opptak av nye lån, Busp 1-2			205 000					
- Avdrag lån	-52 000	-14 645	-66 000	-9 800	352	-2 000		-144 093
- Tilførsel av likviditet til Helse Vest IKT	-21 000	-5 500	-23 000	-12 200	-	61 700		0
+ Sal av anleggsmidlar			42 000					42 000
+/- Likviditet overført frå 2013	125 000	26 632	177 000	-9 300	76 889	13 300	110 000	519 521
Finansielt grunnlag	310 000	162 796	1 040 000	58 200	87 135	234 600	390 000	2 077 731
+ Interne lån overført fra 2013	50 000			60 000			-110 000	0
+ Internt lån HDO HF - nødnett							-8 000	-8 000
+ Internt lån 2014	50 000		28 000			25 400	-103 400	0
Finansieringsgrunnlag investeringar inkl interne lån	410 000	162 796	1 068 000	118 200	87 135	260 000	168 600	2 069 731
Investeringsplanar i HF-a	410 000	122 100	928 000	118 200	17 598	260 000	0	1 855 898

6.1 Helse Stavanger

Helse Stavanger har eit finansielt grunnlag til gjennomføring av investeringar i 2014 på kr 410 mill.

Det er lagt til grunn at resultatet i 2013 blir på kr 50 mill, som er kr 40 mill dårlegare enn budsjett. Endringar i endeleg resultat vil endra det finansielle grunnlaget tilsvarande.

Helse Stavanger er tidlegare tildelt eit lån på kr 90 mill. Føretaket har lagt til grunn at kr 40 mill av dette lånet er utbetalt i 2013 og kr 50 mill blir utbetalt i 2014.

Administrasjonen i Helse Stavanger har sidan budsjettet blei behandla i deira styret i desember, arbeidd med å få betre oversikt over status på gjennomførte investeringar i 2013. Gjennomgangen viser at overføringane frå 2013 til 2014 blir om lag kr 125 mill. Tilhøyrande likviditet er også overført til 2014.

Helse Stavanger har som oppfølging av styrevedtak søkt Helse Vest om internt lån på kr 50 mill. Lånet er planlagt brukt til delfinansiering av to viktige prosjekt; tilpassing og ombygging for eit PET-senter samt ei palliasjonseining. Eit lån vil sette føretaket i stand til å løfte ein større del av disse prosjekta allereie i

2014. Det er usikkert kor mykje ein klarer å gjennomføre av desse prosjekta i 2015 utan at det blir tildelt lån. Dei ytterlegare investeringane i 2014 er innarbeida i oversikten ovanfor.

Administrerande direktør tilrår at det blir gitt lån til å framskunde dei aktuelle prosjekta med kr 50 mill, samt at Helse Stavanger tar ein gjennomgang på framdrifta i investeringsplanen i samband med framlegg av langtidsbudsjettet 2015-2019.

Helse Stavanger har med bakgrunn i dette eit finansielt grunnlag for følgjande investeringsramme i 2014:

Investeringar 2014:	
Stavanger DPS	80 900
Flytting AMK - ny plassering	11 700
PET- senter	8 800
Framskunding PET og palliasjonseining	50 000
Resterande investeringssum frå budsjett 2013	32 600
Sum bygg	184 000
MTU	94 000
Andre investeringar	132 000
Sum investeringar	410 000

6.2 Helse Fonna

Helse Fonna har i 2014 eit finansieringsgrunnlag for handtering av investeringar på om lag kr 162,8 mill. Det er lagt til grunn at føretaket leverer eit resultat i tråd med resultatkravet. Endringar i resultatet vil påverke det finansielle grunnlaget tilsvarande.

Helse Fonna har eit etterslep på investeringane for 2013. Samla unytta likviditet knytt til finansiering av investeringar er på om lag kr 27 mill som er ført vidare til 2014.

Helse Fonna har i sitt investeringsbudsjett for 2014 lagt inn følgjande rammer fordelt på hovudpostar:

Investeringar 2014:	
Bygg	74 600
MTU	40 000
Andre investeringar	7 500
Sum investeringar	122 100

Med eit investeringsbudsjett på kr 122,1 mill vil Helse Fonna overføre kr 40,7 mill av finansieringsgrunnlaget til 2015 og framtidige investeringar.

6.3 Helse Bergen

Helse Bergen har i 2014 eit finansieringsgrunnlag på om lag kr 1 068 mill, med føresetnad at resultatet for 2013 blir om lag kr 65 mill betre enn budsjett.

Føretaket er tildelt lån frå staten til finansiering av nytt senter for barn og unge ved Helse Bergen (BUSP). Prosjektet (fase I) har ein samla investeringskostnad på om lag kr 1,4 mrd. Helse Bergen må finansiere om lag halvparten av investeringa med egne midlar. Den andre halvparten blir finansiert gjennom lån. I 2014 har dei fått tildelt kr 205 mill i lån til dette prosjektet.

I finansieringsplanen for 2014 ligg det også ein føresetnad om eit internt lån frå Helse Vest på kr 28 mill. Lånet gjeld kjøp av bygg i Haukelandsbakken, samt utvikling av Nordås. Det er i denne saka tatt høgde for at eit slik lån vil bli tildelt. Administrerande direktør ber om fullmakt til å inngå avtale om internt lån når søknad frå føretaket ligg føre.

Helse Bergen har eit etterslep i forhold til sitt investeringsbudsjett for 2013. Samla unytta likviditet til finansiering av investeringar er på om lag kr 177 mill. Denne likviditeten er ført vidare til 2014.

Helse Bergen har i budsjettet for 2014 lagt opp til ein investeringsplan på kr 928 mill som er kr 140 mill lågare enn det finansielle grunnlaget. Dette skal vere med å dekke finansieringsgrunnlaget for framtidige investeringar.

I investeringsplanen for 2014 er følgjande store prosjekt prioritert inn:

Investeringar 2014:	
BUSP trinn 1	300 000
BUSP trinn 2	20 000
Sengebygg sør fase I	100 000
Diverse bygg	265 000
Sum bygg	685 000
MTU	140 000
Andre investeringar	103 000
Sum investeringar	928 000

6.4 Helse Førde

Helse Førde har eit samla finansielt grunnlag på om lag kr 118 mill. I dette ligg det eit internt lån frå 2011 på kr 60 mill som føretaket ikkje har bedt om å få utbetalt enno. Midla blir derfor ført over til 2014.

Helse Førde har i sitt investeringsbudsjett for 2014 lagt inn følgjande rammer fordelt på hovudpostar:

Investeringar 2014:	
Bygg'	91 300
MTU	18 000
Andre investeringar	8 900
Sum investeringar	118 200

6.5 Helse Vest IKT

Helse Vest IKT har gjennom avskrivningar og resultat eit finansieringsgrunnlag til investeringar på om lag kr 173 mill. Dette er ikkje tilstrekkeleg for å dekke heile investeringsbehovet innafor IKT. Derfor må helseføretaka i tillegg stille likviditet til disposisjon for Helse Vest IKT til å gjennomføre den samla investeringsplanen. Den siste endringa i porteføljen for 2014 kom for sent i forhold til helseføretaka si styrebehandling av budsjetta. Derfor er likviditetsbehovet til Helse Vest IKT om lag kr 25 mill høgare enn det helseføretaka har tatt høgde for i sine investeringsbudsjett. Helse Vest IKT sitt likviditetsbehov blir handtert ved at det blir gitt lån frå Helse Vest RHF til IKT selskapet. Det finansielle grunnlaget utgjer med dette kr 260 mill og er lik den samla investeringsplanen.

6.6 Sjukehusapoteka

Sjukehusapoteka Vest har eit finansieringsgrunnlag i 2014 på kr 87 mill som i hovudsak kjem av ubrukt likviditet tidlegare år. Det samla investeringsbudsjettet for 2014 er sett til kr 17,6 mill.

6.7 Helse Vest RHF

Helse Vest RHF vil ha eit finansieringsgrunnlag på om lag kr 168,6 mill. på grunn av positivt resultatavvik i 2013. Dette skuldast i første rekke budsjettreserven samt lågare kostnader på fleire områder. I oppstillinga er det også inkludert Helse Vest sin del av innskot til Helsetjenestens driftsorganisasjon HF (HDO), samt interne lån til Helse Stavanger, Helse Bergen og Helse Vest IKT.

Den positive likviditeten kan nyttast til å betala ned kortsiktig gjeld, eller til strategiske satsingar og høgt prioriterte investeringar. Helse Vest kan ikkje bruke heile posten då både Helse Stavanger og Helse


Førde rapporterer negative avvik på til saman kr 54 mill. Dette beløpet må trekkast frå det beløpet RHFet kan disponera inn mot investeringar.

Administrerande direktør vil komme tilbake med styresak der ein eventuelt tilrår om delar av den frie likviditeten skal styrast inn mot prioriterte områder/prosjekt på eit seinare tidspunkt.

7 Førebels likviditetsbudsjett 2014

Helse Vest vil ved utgangen av 2014 ha ei driftskredittramme på kr 1,566 mrd.

Helseføretaka har utarbeidd førebels likviditetsbudsjett som er oppsummert i grafen under:



Driftskredittramma er tilstrekkeleg for å dekke likviditetsbehovet.

Det er førebels usikkerheit rundt pensjonskostnaden i 2014. Dette er eit forhold som administrerande direktør vil komme tilbake til på eit seinare tidspunkt.

Det er og usikkerheit knytt til framdrift på investeringar samt andre transaksjonar som kan gi store perodesvingingar på likviditeten. Dette inneber at likviditeten periodevis kan avvike i forhold til det som her er budsjettert. Under føresetnad av at helseføretaka klarer å levere eit resultat i tråd med resultatkravet, vil likviditeten i 2014 vere tilfredsstillande i forhold til driftskredittramma. Dersom det blir avvik i resultatet vil dette bli følgt opp og om nødvendig, må ein gjennomføre tiltak for å sikre tilfredsstillande likviditet i føretaksgruppa.

Vedlegg 1

Inntektsfordeling 2014

	31 %	18 %	37 %	14 %		
	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Helse Vest RHF	SUM
INNETEKTSFORDELING 2014						
Innsatsstyrt finansiering (inkl. dyre medisiner)	1 434 964	726 163	2 599 291	516 199		5 276 616
ISF-pasienter behandla i andre regionar	96 581	32 953	57 480	42 403		229 417
ISF-pasientar behandla for andre regionar	-28 769	-4 360	-102 644	-11 518		-147 290
SUM, ISF	1 502 775	754 756	2 554 128	547 083	-	5 358 743
SUM fordelt etter modell	2 939 107	1 768 567	3 921 044	1 439 206	0	10 067 923
SUM fordelt før eksternt gj.pas. oppgjør	3 188 100	1 729 092	4 839 216	1 466 572	0	11 222 981
SUM, basisramme fordelt etter modell	3 220 135	1 744 684	4 838 897	1 487 826	0	11 291 543
SUM, basisramme fordelt utanfor modell *)	569 776	341 577	1 227 884	291 313	3 624 730	6 055 279
Øymerkte midlar i bestillinga frå HOD (skal rapporterast på):	3 200	7 009	34 673	19 253		64 134
SUM, inntekt 2014 fordelt frå RHF	5 295 887	2 848 026	8 655 582	2 345 476	3 624 730	22 769 699
*) Spesifikasjon av postar utanfor modell	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Helse Vest RHF	SUM
Inntektsramme Helse Vest RHF					3 624 730	3 624 730
Internt lab-/røntgenoppgjør	-6 648	-10 316	24 443	-7 479		0
Regional eining for rehabilitering ved alvorleg hovudskade			12 790			12 790
Strukturtilskot		27 229		56 306		83 535
Overgangsordning Helse Bergen - prehospitala tenester			34 917			34 917
Styrking av rusområdet samt overtaking av LAR	52 770	30 538	65 830	18 402		167 541
LAR Helse Bergen			5 325			5 325
Utskrivingsklare pasientar, uttrekk frå Haraldsplass			10 650			10 650
Nevrokirurgisk verksemd			7 329			7 329
PET-senter			15 975			15 975
Pensjonskostnad	442 885	255 602	772 300	189 477		1 660 265
Tilskot til utdanning	14 142	7 078	121 523	5 358		148 101
Kompetansenestener:						
Regionale kompetansenestener (NY FORDELING)	12 823		37 445			50 268
Nasjonale kompetansenestener finansiert av rammen			7 876			7 876
Tidlegare kompetansenestener overført til drift			7 625			7 625
Tidlegare øymerkte midlar frå HOD overført til ramma		776	3 112			3 888
Radio Medico - medisinsk rådgivingsteneste for skip			5 827			5 827
Regionalt tverrfagleg kompetansmiljø for astma og allergi			799			799
Tilstadevakt - beredskap, Solabasen og Florø	7 472			7 472		14 943
Kompetanse og nettverksbygging "Kropp og sjølvkjensle" - spiseforstyring			2 327			2 327
Pasienttransport	8 642	8 602	11 021	11 709		39 974
Vurderingseining for inntak til private rebinstitusjonar			2 822			2 822
Utanlandsbehandlingar - overf. frå RHF			27 760			27 760
Nye nasjonale behandlingstenester			5 591			5 591
Helseradionett	132	140	149	203		625
Døgntilbod øyeblikkeleg hjelp i kommunane	25 439	14 804	34 242	9 864		84 349
ME-poliklinikkar Stavanger og Bergen	1 031		1 031			2 062
Utdanningsstillingar geriatri	2 130					2 130
Legeambulanse		4 124				4 124
Veiledningsordning for barn og unge med spiseforstyrrelse			464			464
Overgangsordning Brystrekonstruksjon (50% av 2013 nivå)	3 991		2 660			6 650
Etablering av soningseining for dei under 18 år			1 059			1 059
Narkotikaprogram med domstolskontroll			2 017			2 017
Rusmeisteringseining ved fengsla i Stavanger og Bergen	742		742			1 485
System for innføring av nye metoder			1 200			1 200
Pilotprosjekt likeverdige tenester	3 093					3 093
Barn som pårørende		3 000				3 000
Kreftstrategi - Vardesenter og pusterom	1 134		1 031			2 165
SUM, basisramme fordelt utanfor modell	569 776	341 577	1 227 884	291 313	3 624 730	6 055 279
	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	RHF	SUM
Øymerkte midlar i bestillinga frå HOD (skal rapporterast på):						
Kompensasjon for arbeidsgivaravgift	Kap. 732.70	7 009	491	19 253		26 752
Nasjonale kompetansenestener	Kap. 732.7	3 200	27 600			30 800
Arbeidsmedisinsk avdeling (inkludert i "raskere tilbake")	Kap. 732.79		6 582			6 582
Sum øymerkte midlar frå HOD	3 200	7 009	34 673	19 253	0	64 134
SUM, tildelt inntekt 2013 frå RHF	5 295 887	2 848 026	8 655 582	2 345 476	3 624 730	22 769 699
Endring av inntektsramma til HF-a som følgje av gjestepasientoppgjør:						
Kostnad, eksternt gj.pas.oppgjør	-154 529	-52 724	-91 969	-67 845		-367 067
Fakturering av gjestepasientar andre regionar	46 030	6 975	164 230	18 429		235 664
Kostnad, rus gjestepasientar (estimat)	-11 960	-9 279	-27 837	-3 815		-52 890
Kostnad, kjøp av kurdøgnplassar (estimat)	-13 712	-10 826	-30 930	-7 011		-62 479
Kostnad, kjøp frå Feiring (estimat)	-6 495	-7 217	-7 217	-4 124		-25 053
SUM, inntektsramme i HF-a	5 155 220	2 774 955	8 661 859	2 281 110	3 624 730	22 497 874

Vedlegg 2

	Budsjett 2014
Kjøp av helsetjenester innenfor "sørge for ansvaret"	
Tilskot til influensasenteret i Bergen	3 009
Driftsavtaler - somatikk og psykisk helse	1 424 367
Driftstilskot private legespesialistar og kliniske psykologar	203 166
Driftsavtaler - rusområdet	285 119
Kjøp av diverse helsetenester	2 578
Pensjon RNB 2011/2012/13, apoteka, IKT og RHF	14 647
Andre avtaler	2 328
Lab/røntgen, offentlig	54 588
Lab/røntgen, privat	112 704
Luftambulansen	94 700
DRG poeng Bergen Legevakt	19 924
Ufordelte DRG poeng	59 065
Kjøp, private	85 731
SUM	2 361 926
Tilskuddsordninger	
Regionsjukehusstilskot, Bergen Legevakt	464
Tilskot, brukarorganisasjonar	8 933
Studenthelseteneste	3 531
Regionalt brukarutval	659
SUM	13 587
Tilbakeholdte midlar/fordelast direkte fra RHF	
Tilskot til forskning	191 043
Tilskot til Helseforetakenes senter for pasientreiser ANS	24 000
Norsk Pasientskadeerstatning	146 063
Tilskot til turnusteneste i sjukehus for legar og fysioterapeutar	6 300
Nødnett - nasjonalt prosjekt	14 800
Nasjonal IKT	7 500
Kvalitetsregistre	25 671
Habilitering/rehabilitering	138 989
Avskrivning bygg Jæren DPS	4 724
Regionale og nasjonale fellesprosjekt	48 973
Tillitsvalde	3 818
Regionale fellesløyser	17 833
Regional innkjøpsløyser	10 000
Kvalitet og pasienttryggleik	27 500
Tilskot til helse- og rehabiliteringstenester for sjukemelde	92 018
Eldremedisin og samhandling	15 900
Styrking av psykiatri, rus og rehabilitering	98 400
"Housing first" busetting av vanskelegstilte	825
Pasientsikkerhetskampanje	1 000
Dropouts	2 000
Prostatacentre	3 100
Satsingar som blir fordelt seinare	11 388
Klinisk multisenterstudie ME	2 000
Barn som pårørande	4 100
Partikkelterapi	15 500
IKT og MTU	47 400
Helseregister	5 500
Kompetansetenester - frikjøp	2 000
Reserve	209 900
SUM	1 178 244
Renteinntekt i RHF'et	-40 520
Helse Vest morselskap	
Administrasjon Helse Vest - kostnadsramme	111 492
SUM	3 624 730